

INNKJØPSSTRATEGI

FLORA KOMMUNE

Vedteke i Flora bystyre i sak 46/17 den 23.05.17

Innkjøpsstrategi Flora kommune

1. Formål

Innkjøpsstrategien skal slå fast dei overordna måla for Flora kommune si innkjøpsverksemd, og skal vere retningsgjevande for alt arbeid knytt til den. Strategien skal bidra til at alle innkjøp i kommunens regi skjer i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, god forretningskikk og ressurseffektivt. Strategien er sektorovergripande og omfattar alle tenester og føretak –og skal bidra til at Flora kommune opptrer som og blir oppfatta som ein (juridisk) kjøpar. Strategien bør reviderast/vidareutviklast i løpet av ein valperiode.

2. Mål

2.1 Overordna mål

Flora kommune er ein attraktiv og profesjonell kunde, som gjennom gode innkjøp sikrar gode tenester.

2.2 Delmåla skal bidra til at:

- Innkjøp er forankra på rådmannsnivået, og arbeid med og effektar knytt til innkjøp blir omtala i budsjett og årsmelding.
- Alt innkjøpsarbeid skal utførast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og politiske vedtak
- Innkjøpsarbeidet skal vere i samsvar med kommunen sine vedtekte etiske retningslinjer
- Kommunen har innført e-handel og målet er at majoriteten av innkjøp skal skje elektronisk.
- Kommunen skal gjennom samarbeid både lokalt og regionalt utnytte at vi er ein aktør som andre offentlege partar kan dra nytte av
- Kommunen skal gjennom sine avtalar syte for gode prisar, kvalitet og innovative løysingar
- Kommunen skal leggje vekt på ein høg standard innan helse, miljø og tryggleik

3. Strategi for innkjøpsarbeidet

For å sikre gode innkjøp skal kommunen:

- Ha høg kompetanse innan innkjøpsfaget
- Oppnå gode avtalar gjennom gode innkjøpsprosessar
- Syte for at alle som gjer innkjøp i kommunen er kjent med kommunens innkjøpsstrategi, gjeldande lovverk og har grunnleggjande kompetanse om innkjøp.
- Arbeide for auka kompetanse for offentlege innkjøp i kommunen
- Sikre lojalitet til inngåtte rammeavtalar
- Ha gode oppfølgingsrutinar av inngåtte avtalar

For å sikre helse, miljø og tryggleik skal kommunen

- Stille relevante krav til universell utforming i alle innkjøp
- Flora kommuneskal gjennom si rolle som innkjøpar vektlegge miljøomsyn i offentlege innkjøp og slik påverke næringslivsaktørar til å vere miljøbevisste i utviklinga av varer og tenester. Det skal etterspørjast miljøvennlege varer og tenester kommunen treng i si daglege drift, på bakgrunn av livsløpskostnader og kvalitet.
- Ha gode kontrollrutiner som verkty for å forhindre sosialdumping og svart økonomi. Jf vedtak i bystyresak 45/17 om "strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet i anskaffingar i kommunar og fylkeskommunar"

Samarbeid med andre offentlege etatar

- Samarbeide med fylkeskommunen og andre kommunar

Leverandørutvikling

- Kommunen skal nytte utviklingskontraktar ved kjøp der dette er relevant
- Nytte ein kjøpsstrategi som også passar små- og mellomstore bedrifter i distriktet
- Innanfor dei rammene som gjeldande rett representerer, skal det vere eit grunnleggande omsyn at Flora kommune skal kjøpe mest mogleg varer og tenester lokalt
- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby Lærlingplassar
- Invitere til dialog med leverandørmarkedet

4. Ansvar

Bystyret vedtek den overordna strategien og rådmannen har ansvaret for å følgje den opp. Leiarar med budsjettmynde er ansvarlege for at dei som gjer innkjøp er kjend med Innkjøpsstrategien, lovverk og rutinar. Alle som gjer innkjøp for Flora kommune er ansvarlege for å vere lojale mot dei avtalane kommunen har inngått og fylgje gjeldande rutinar.